



Referat styremøte i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Stad: Skjolden Hotell, Skjolden
Dato: Torsdag 13. - Fredag 14. april 2024

Fredag 14. juni:

0830: Sakshandsaming

1130: Lunsj og heimreise

Styret:

Styreleiar Ivar Kvalen, nestleiar Gunhild Berge Stang (digitalt), styremedlem Magni Aa Berge, styremedlem Knut Arve Helle, styremedlem Therese Nesset, første vararepresentant Hege Lothe møter for Siri Sandvik.

Fråfall:

Siri Sandvik, Rune Hegrenes, Magni Aa Berge møter torsdag kveld

Frå administrasjonen:

Janne Gimmestad, Jan Heggheim, Steven Johnsen (fredag).

Orienteringar i møtet:

Sikringsplan

Orienteringar i samband med handsaminga av dei aktuelle sakene:

Prognose

Vedlegg:



Saker til handsaming:

- Sak 20/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 21/2024 Referat frå styremøte 12. april 2024
- Sak 22/2024 Rekneskap 31. mai 2024/Prognose 1 2024
- Sak 23/2024 Sjukefråvær
- Sak 24/2024 Besøktal 2023
- Sak 25/2024 Sikringsplanen
- Sak 26/2024 Styregodtgjersle (orienteringssak)
- Sak 27/2024 Vedtektsendringar
- Sak 28/2024 Eventuelt, innmelde saker

Vedlegg:

Framlegg til nye vedtekter (sak 27)

Sak 20/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sak 21/2024 Referat frå styremøte 12. april 2024

Vedtak:

Styret godkjenner referat frå 12. april 2024.

Sak 22/2024 Rekneskap 30. april 2024/Prognose 1 2024

Janne Gimmestad

Kvifor vert saka fremma:

Vi legg her fram førebels resultatrekneskap til og med april. Saka gir ein førebels rapport frå den økonomiske drifta tidleg i 2024. Vi har lenge arbeidd for å komme i gang med prognosearbeid. Vi presenterer difor her ein første prognose.

Bakgrunn:

Prognosen har to hensikter: Først og fremst at leiing og styre skal vere trygge på at vi faktisk held budsjettet. Dinest er det fordi dei som har direkte påverknad på budsjetta skal ha «tal under huda». Dette oppnår vi ved å sikre at avdelingane har gått gjennom rekneskapen, og sikra at det som var planlagt faktisk er gjennomført og fakturert. Dersom avvik, noko det som regel blir, skal aktiviteten korrigerast i dei resterande månadene. Vi vil førebu oss på å bruke tid på styremøtet til å drøfte denne måten å arbeide på. Dette gir styret høve til å korrigere og kritisere.

Drøfting:

Rekneskapen pr 30. april viser ei omsetning på 23 479 670 kr mot budsjett 23 619 671 kr, totale driftskostnader på 26 155 328 kr mot budsjett 27 680 702 kr Driftsresultatet er -2 675 658 kr mot budsjett -4 061 031.

Prognosen for 2024 viser førebels følgjande avvik:



Prognosen endar på eit driftsresultat som er – 5 662 540 mot budsjettert resultat på – 444 931 kr

Styret vil få ein nærare analyse av avvik i styremøtet.

Vedtak:

Styret vedtek den framlagde resultatrekneskapen med totale inntekter på 23 479 670 kr , driftskostnader på 26 155 328 kr til etterretning. Styret tek prognosen til etterretning, og ber om ei oversikt over tiltak som sikrar resultat som budsjettert.

Sak 23/2024 Sjukefråvær

Atle Reidar Sandnes/Jan Heggheim

Styret skal vere oppdaterte på gjeldande sjukefråvær i sitt arbeid.

I første kvartal 2024 ser vi ein nedgang i fråvær 1-16 dagar. Vi ser samstundes ein liten auke i sjukemeldingar over 16 dagar. Totalfråværet aukar difor noko samanlikna med 4 kvartal 2023.

Fråvær i Q 1 2024



Type fråvær	Fråvær i	(Q4 2023)
Eigenmelding	1,34	(2,00)
Siukemelding	0,65	(0,16)
Kortidsfråvær (eigenmeldt og sjukemelding <16)	1,83	(2,16)
Siukemeling >	2,75	(1,39)
Totalfråvær	4,75	(3,56)

Løpande 30.04.2023 – 30.04.2024

Type fråvær	Fråvær i %	(31.03.2024)
Eigenmelding	1,27	(1,35)
Siukemelding < 16	0,57	(0,51)
Kortidfråvær (eigenmeldt og siukemelding < 16)	1,84	(1,86)
Sjukemelding > 16	1,53	(1,36)
Totalfråvær	3,38	(3,22)

Utvikling over tid

Kortidsfravær (1 til 16 dagar)



Vedtak

Styret tek rapport om sjukefråværet til orientering

Sak 24/2024 Besøktal 2023

Torunn Skarstad/Jan Heggheim

Bakgrunn:

Besøktal er ikkje det einaste målet vi arbeider etter, men det er likevel ei viktig rettesnor med tanke på om andre bryr seg om det vi driv med. Styret skal difor vere oppdatert på utviklinga til ei kvar tid. Vi arbeider no med tankar om andre måleparameter som kan gi styret eit tydeleg bilete av verksemdsområda elles, og vil komme tilbake til dette.


Drøfting:

Som vi ser under er det til dels stor %-vis auke i besøket. Vi må vere nøgde med ein auke på 47% målt mot fjoråret. De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum har ein særleg stor auke både nominelt og relativt.



SUM BESØKSTAL ALLE BESØKSSTADER I MISF HITTIL I 2024										
BESØKSSTAD	VAKSNE	BARN	JAN	FEB	MARS	APRIL	2024	2023	Endring i tal	Endring i %
NORDFJORD FOLKEMUSEUM	265	293	0	86	220	252	558	299	259	46 %
KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE	576	787	8	369	380	250	1 363	584	779	57 %
VÅGSBERGET	0	0	0	0	0	0	0	0	0	#DIV/0!
SUNNFJORD MUSEUM	435	487	35	140	359	266	922	416	506	55 %
DHS-SOGN FOLKEMUSEUM	1 371	941	18	531	278	247	2 312	848	1 464	63 %
SOGN FJORDMUSEUM	0	0	0	0	0	0	0	5	-5	#DIV/0!
KVERNSTEINSPARKEN	274	429	71	75	125	212	703	330	373	53 %
NORSK REISELIVSMUSEUM	937	94	19	355	338	319	1 031	747	284	28 %
SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM	1 191	200	195	338	599	259	1 391	1 147	244	18 %
EIKAASGALLERIET	9	0	5	0	4	0	9	9	0	0 %
ASTRUPUNET	35	0	0	2	7	26	35	16	19	54 %
SOGN KUNSTSENTER	0	0	0	0	0	0	0	0	0	#DIV/0!
SUM KVAR MÅNAD	5 093	3 231	351	1 896	2 310	1 831	8 324	4 401	3 923	47 %

Målet er 70 000 besøkende innan 31. desember 2026. Dersom vi ser på den langsiktige kurva under, er vi på god veg!



Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitende, og gler seg over auken.

Sak 25/2024 Sikringsplanen

Steven Johnsen/Jan Heggheim

Vedtak:

Styret gjer vedtak om at framlagt Sikringsplan for 2024 – 2029 vert vedteken som museet sin sikringsplan for perioden.

Sak 26/2024 Styregodtgjersle (orienteringssak)

Kvifor saka blir fremma:

I følge vedtektene skal rådet vedta styregodtgjersle kvart år. Som følge av ein sviikt har ikkje dette vorte gjort sidan 2021. Dette vart oppdaga så nær



rådsmøtet at det ikkje let seg gjere å handsame saka i ordinært rådsmøte 16. april 2024, og det vart difor kalla inn til ekstraordinært møte i rådet den 13. mai.

Drøfting:

Rådet følgjande vedtak:

Rådet gjer vedtak om følgjande satsar for godtgjersla til styret i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane:

	Godtgjersle frå 1. januar 2024
Styreleiar	Kr 121 369 per år fram til og med 2025, når valperioden hans går ut, eller han trer av før valperioden sin slutt. I samband med val av ny styreleiar skal det gjerast vedtak om nytt honorarnivå før ny styreleiar blir valt.
Nestleiar	30 000 kr per år, det vert ikkje betalt møtegodtgjersle i tillegg
Styremedlem	3 000 kr per møte (normalt 5 møte per år) Gjeld berre dei møta der styremedlem er tilstades
Varamedlem	3 000 kr per møte Gjeld berre dei møta der varamedlem er tilstades med stemmerett
Medlem i valkomiteen	2 000 kr per møte Gjeld berre dei møta der medlem møter
Tapt arbeidsforteneste, dokumentert	4 000 kr per møte
Tapt arbeidsforteneste, udokumentert	1 500 kr per møte
Utlegg	Vert dekket etter dokumentasjon
Reise	Vert dekket etter dei satsane som elles gjeld for stiftinga

Den reelle endringa er ein auke i godtgjersla frå 2 000 kr pr møte til 3 000 kr pr møte for styremedlemmer og varamedlemmer.

Vedtak

Styret tek nye satsar for godtgjersle til vitende.

Sak 27/2024 Vedtektsendringar

Kvifor saka vert fremma:



Rådet fekk lagt fram vedtekter med framlegg til endringar i ordinært møte den 16. april. Rådet gjorde då merksam på at den paragrafen som gjeld rådet var uklart på fleire punkt, og ba om at vedtektene vart arbeidde gjennom på nytt.

Bakgrunn:

På ordinært rådsmøte kom det fram at vedtektene ikkje omhandla nokre sentrale punkt, gjengitt av rådsordføraren slik:

- Det tillegges myndighet (til å kalle inn til ekstra rådsmøte) til rådets ordfører. Det presiseres ikke hvem som har denne funksjonen/hvordan denne funksjonen velges, det må presiseres.
- Oversikten over hvem som utgjør rådet må være uttømmende og konkret. Når det i § 6 omtales «eigarstyra til stiftarane» uten at det presiseres hvem disse er, blir det vanskelig å navigere.

Drøfting:

Administrasjonen har bede revisor Deloitte om å gå gjennom vedtektene, og vi har saman laga eit nytt framlegg som har gjort justeringar på dei momenta rådet tok opp, og følgjande andre punkt:

- Bakgrunn for stiftinga, kven som var stiftarar
- Organisering av stiftinga, formelle organ, administrasjon
- Reglar for val av tilsettere representantar, presisjon
- Kompetent organ for vedtektsendringar
- Forslag om å ta inn ei formulering om kva som skal skje med verdiane i stiftinga ved ei eventuell oppløysing. Her har direktøren ikkje lagt inn forslag om formulering, men vil be styret om å vurdere ei formulering om at verdiane blir fordelte mellom dei kommunane som har museumsarenaer (museumsanlegg med publikumsbesøk). Vidare bør desse ha plikt til å involvere alle kommunar med samlingsobjekt med tanke på vidare handlingar.
- Generelle redaksjonelle endringar

Oppsummering og konklusjon:

Forslag til nye vedtekter stettar krav om at dei skal stå åleine, og direktøren rår styret til å vedta desse som selskapets vedtekter. Dei skal uansett sendast stiftingstilsynet for godkjenning.

Direktøren endrar innstilling som følgje av ei fersk forskriftsendring, og som følgje av dette blir no namnet Musea i Sogn og Fjordane STI, dette er innarbeidd i nye vedtekter.

Vedtak:

Styret godkjenner framlegg til vedtekter, datert 14. juni 2024, inkludert namnendring, som dei nye vedtektene til Musea i Sogn og Fjordane STI. Styret gir direktøren fullmakt til å formulere ein paragraf om tilbakeføring til vertskommunane og generell ivaretaking av samlingane.



Sak 28/2024 Eventuelt

Der var ingen innkomne saker